



Saksbehandlar: Reidun Liljedahl Fimreite, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/1472-1

Automatiseringsfaget og dataelektronikarfaget

**Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:
Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Søkjarar som har fullført vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget som står utan læreplass per 15. august (påfølgjande skuleår), får tilbod om ekstra opplæring ved den skulen der dei fekk opplæring på vg3.
2. Skulen som gav opplæring på vg3 (avgjevarskule) har ansvar for:
 - a) sikre at kandidaten er klar for fagprøve gjennom ekstra opplæring i skule og utplassering i bedrift
 - b) oppmelding til fagprøve
 - c) den praktiske tilrettelegginga av fagprøva
 - d) avvikling av fagprøva
3. Skulen som gir opplæring får basistilskot II i inntil tre månader per kandidat.
Tilskotet skal dekkast over løyvinga til tilskot til lærebodrifter.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Søkjarar som kjem frå vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget har gått tre år i vidaregåande skule. Dei er ferdige med opplæringsdelen av den vidaregåande opplæringa, berre 1,5 år med verdiskaping i bedrift står att. Over fleire år har det vore vanskeleg for nokre av desse søkerane å få seg læreplass. Fleire søkerarar får ikkje læreplass og gjer omval til eit anna fag innanfor elektrofaga eller søker påbygging til generell studiekompetanse.

Frå hausten 2018 rår fylkesdirektøren til at søkerane som står utan læreplass ved skulestart (påfølgjande skuleår) vert tilbakeførte til skulen der dei fekk opplæring på vg3 (avgjevarskulen). Dette for å sikre at søkerane får fullført det opplæringsløpet dei har starta på og når sluttkompetanse. Dette vil vere eit tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Fylkesdirektøren ser at særleg i faget dataelektronikar har det ikkje vore godt nok samsvar mellom talet elevplassar og talet læreplassar. Fylkesdirektøren vil kome attende med vurderingar knytt til dette i saka om opplæringsstilbodet for skuleåret 2019-20.

2. Vurderingar og konsekvensar

Automatiserings- og dataelektronikarfaget har eit opplæringsløp på tre år i vidaregåande skule og eitt og eit halvt år opplæring i bedrift (lærepllass). Søkjarane til automatiseringsfaget har gått vg1 elektro, vg2 automatisering og vg3 automatiseringsfag. Søkjarane til dataelektronikarfaget har gått vg1 elektro, vg2 data og elektronikk og vg3 dataelektronikarfaget.

Skuleåret 2017-18 har Eid vidaregåande skule og Årdal vidaregåande skule vg3 automatiseringsfaget. Eid vidaregåande skule og Sogndal vidaregåande skule har vg3 dataelektronikarfaget.

I forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepllass i Sogn og Fjordane fylkeskommune, § 20. formidling står følgjande:

«....søkjarar med ungdomsrett som er kvalifiserte, men som ikkje har fått tilbod om lærepllass innan 15. august, skal få tilbod om vg3 i skule innan 15. september.»

Dette gjeld søkerar som kjem frå vg2. Søkjarar som kjem frå vg3 har fullført opplæringa og er per definisjon klare til å gå opp til fagprøva. Dei vidaregåande skulane har meldt attende at ofte vil desse søkerane ikkje ha føresetnader til å bestå fagprøva. Mange vel difor å søkje eit omval.

Erfaringar frå andre fylke, m.a. Hordaland, er at søkerarar til lærepllass som kjem frå vg3 i skule består fagprøva etter å ha fått ekstra opplæring anten gjennom utplassering i bedrift eller som opplæring på ein skule. Ved å tilbakeføre søkerarar som ikkje har fått lærepllass innan 15. august til avgjevarskulen, sikrar ein at skulen gjer kandidaten klar til å avlegge fagprøva.

Fylkesdirektøren meiner dette kan auke talet som består fagprøva og dermed vere eit tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Skulane skal så langt det er mogeleg gje ei tilpassa og relevant opplæring fram mot fagprøve eller kompetanseprøve. Dette kan skje gjennom praktisk arbeid på skulen og/eller i samarbeid med lokalt næringsliv. Opplæringa skal strekke seg inntil 4 månader. Skulen melder kandidaten opp til fagprøve innan 1.desember.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er vanskeleg å føresjå kor mange søkerarar som vil stå utan lærepllass ved skulestart. For å dekke dei vidaregåande skulane sine kostnader med opplæringa tilrår fylkesdirektøren at skulane får basistilskot II (pr.01.01.2018 kr 4.984 per mind.) x 3 månader per kandidat.

Tilskotet kan dekkast over løvvinga til tilskot til lærebedrifter.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at søkerarar til lærepllass som kjem frå vg3 i skule og som ikkje får lærepllass skal få oppfølging. Dette for å sikre at søkerane får gjennomført opplæringa si.

Fylkesdirektøren tilrår at søkerarar som har fullført vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget som står utan lærepllass ved skulestart påfølgjande skuleårsstart, blir tilbakeført til avgjevarskulen. Avgjevarskulen får ansvar for å gje kandidaten ekstra opplæring i skule, legge til rette for utplassering i bedrift, oppmelding til fagprøve, den praktiske tilrettelegginga for fagprøva og avviklinga av fagprøva.